



## Statens vegvesen

### Notat

Til: Lærdal kommune, plan  
Fra: Drift- og vedlikehald, Plan- og utbygging vest 1  
Kopi til:

Saksbehandler: Runa Aaland Eggum  
Tlf saksbeh.: 95756106  
Vår dato: 21.05.2024

### Forslagsstillar si vurdering av KU-plikt

Dette notatet oppsummerer vurderinger av om reguleringsplanarbeidet for Rv. 5 kryss Sjukehusvegen – nedre Eri utløyer krav om konsekvensutgreiing etter «Forskrift om konsekvensutgreiingar» (KUF) av 01.07.17 (FOR-2017-06-21-854).

Vegprosjektet skal utbetre kryss Sjukehusvegen og legge til rette for breiddeutviding av om lag 2,4 km av eksisterande Rv. 5 frå krysset og vidare sørover til nedre Eri. Breiddeutvidinga er naudsynt for å etablere forsterka vegoppmerking på strekninga. Prosjektet vil også sjå på kurveføringa hovudveg og sikttihøva ved avkjørslene på strekninga, samt sikre strekninga mot farleg sideterreng. I tillegg vil ein legge opp til utbetring av kollektivstoppa på strekninga. Planområdet er omlag 195 daa. Det vil truleg ikkje regulerast areal innanfor heile den avsette plangrensa, men avgrensinga er sett eit stykke opp i fjellsida for vurdering av eventuell sikring mot skred og steinsprang, dersom dette skulle koma fram gjennom planarbeidet.

Ansvarleg mynde skal alltid jf. Plan- og bygningslova vurdere om ein plan eller tiltak krev konsekvensutgreiing. Det er i dette tilfellet Lærdal kommune som er planmynde.

Forslagsstillar skal, jf §9 i forskrift om konsekvensutgreiing gjere ei førebels vurdering av om plan/tiltak kan få så vesentlege verknader for miljø eller samfunn at det må konsekvensutgreiast.

Etter §9 i forskrifta skal forslagstillar legge fram grunnlag for myndighetene si vurdering av KU-plikt. Ein gjennomgang av vurderingane mot forskrifta § 6 og 8 vil her vere tilstrekkeleg beskriving av tiltak.

### Gjeldande regelverk

Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast kjem fram av KU-forskrifta § 6. For reguleringstiltak gjeld det tiltak som er lista i vedlegg I til forskriften. Samferdselstiltak er lista i vedlegg I, punkt 7. For veg er det anlegging av ny eller utviding til motorveg/fleirfeltsveg eller andre vegtiltak med investeringskostnad på over 750 millionar kroner som er KU-pliktig etter vedlegg 1. Dette prosjektet er eit utbetringsprosjekt av ein 2-feltsveg og prosjektet har ei kostnadsramme som er mykje lågare enn denne grensa. **Tiltaket er difor vurdert til å ikkje vere KU-pliktig etter vedlegg 1 til forskriften.**

Det er vidare krav om konsekvensutgreiing av tiltak som ikkje fell inn under vedlegg I, dersom:

- a) Tiltak er lista i forskrifta sitt vedlegg II og
- b) kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn

Tiltaket vårt fell inn under vedlegg II punkt 10e), «bygging av veier» og kan vere KU-pliktig basert på ei vurdering av tilgjengelege opplysningar om miljø-/samfunnsverdiar og i kva grad desse vert påverka av tiltaket.

### **Vurdering av KUF §8. Planar og tiltak jf vedlegg II nr 10 bokstav e) som skal konsekvensutgreiaast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.**

Det er vurdert om planen kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn etter KUF § 10 etter følgjande kriterium:

- Eigenskapar ved planen eller tiltaket (§10 andre ledd)
- Tiltaket si lokalisering og påverknad på omgjevnadane (§10 tredje ledd)
- Eigenskapar ved verknadane (§10 fjerde ledd)

<b>Eigenskapar ved planen eller tiltaket §10 andre ledd</b>	
a Storleik, planområde og utforming	<p>Vegtiltaket som er ynskja regulert medfører utviding av eksisterande kryss og riksvegen over om lag 1,9 km for å få etablert forsterka midt- og kantoppmerking.</p> <p>Planområdet er allereie visuelt prega av eksisterande veginfrastruktur og har allereie ein barrieverknad med ein relativt stor trafikk med ein årsdøgntrafikk1 (ÅDT<sub>2022</sub>) på om lag 3400 der 18 % av desse er tunge køyretøy. Ei moderat vegutviding vil ikkje medføre vesentlege verknader på omgjevnadane då den ikkje vil bryte, eller endre og påverka den eksisterande opplevinga av områda. I reguleringsplanarbeidet vil konsekvensar av vegtiltaket for alle fagtema bli vurdert, og ein vil prøve å tilpasse vegtiltaket til eksisterande omgjevnadar best mogleg.</p> <p>Det planlagde tiltaket er vurdert til å ikkje gjere vesentlege endringar/utvidingar i høve til dagens bruk og verke i området, og området er prega av dagens situasjon. Det er difor vurdert</p>

	til at tiltaket ikke utløser krav om konsekvensutgreiinga i høve til storleik, planområdet og utforming.
b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar	<p>Det er noko dyrka mark på austleg side av rv 5 på deler av strekninga. Prosjektet planlegg ei einsidig utviding av vegen mot fjellsida, men det vere aktuelt med omlegging av avkøyrsler og eventuell mellombels anleggsområde på dyrka mark. Det vurdert til at tiltaket i mindre grad vil påverke desse områda. Gjennom planarbeidet vil verknadane på dyrka mark bli synleggjort og avbøtande tiltak bli vurdert.</p> <p>Rv. 5 går langs Lærdalselva og er på enkelte stader svært nær elvekant. Prosjektet planlegg for ei utviding opp mot fjellside. Planarbeidet skal elles synleggjere verknadar som prosjektet eventuelt vil ha for naturressursar.</p> <p>Det er vidare ikke registrert andre viktige naturressursar som blir påverka eller fell innanfor planområdet.</p>
c) Avfallsproduksjon og utslepp	Ikkje aktuelt
d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofer	Ikkje aktuelt

#### Vurdering av «tiltaket si lokalisering og påverknad på omgjevnadane (§ 10 tredje ledd)»

a) Verneområder etter naturmangfaldlova kapittel V eller markalova § 11, utvalte naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI), prioriterte arter, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltaket påverkar ikke områder som er verna etter naturmangfaldslova eller områder som er verna i heimel i andre lovar elle konvensjonar.</li> <li>Tiltaket påverkar ikke inngrepsfrie naturområder etter INON-kartlegginga.</li> <li>Det er ingen raudlista eller utvalde naturtypar innanfor planområdet.</li> <li>Tiltaket påverkar i liten/ingen grad myrområder.</li> <li>Lærdalselva er laksevassdrag men tiltaket skal ikkje ha påverknad for elveløpet</li> <li>Det er ikke registrert prioriterte arter eller utvalde naturtypar etter</li> </ul>
---	---

	<p>naturmangfaldslova, innanfor eller tilknytt planområdet</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket kjem ikkje i berøring av verna vassdrag.</li> <li>• Det er ingen kulturminner eller kulturmiljø som er freda, mellombels freda eller foreslått freda etter kulturminnelova innanfor planområdet. RV. 5 er freda ved kryss Hansegardvegen og vidare mot Lærdalsøyri men tiltaket kjem ikkje i berøring av denne.</li> <li>• Planarbeidet skal elles synleggjere og omtale kulturarv og synleggjere verdiar og verknader etter naturmangfaldslova</li> </ul>
b) trua arter eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er registrert eit elveområde ved Høgkleivi med open flaumskogmark med stor verdi. Området er teken med i planområde for å kunne vurdere og setje eventuelle omsynssoner på området. Vegutvidinga vert teken mot fjellsida og skal ikkje kome i konflikt med dette området. Det er stikkrenner i området som har utløp i området, ved eventuell nærføring vil verknader bli synleggjort gjennom planarbeidet.</li> <li>• Det er registrert eit område ovanfor sjukehuskrysset, Guribakkane, med rik edellauvskog med middels verdi (niN) og som eit område med verdifullt kulturlandskap. Prosjektet skal ikkje koma i konflikt med dette arealet.</li> <li>• Området blei kartlagt for naturtypar etter Miljødirektoratets instruks i 2019 og kunnskapsgrunnlaget for naturtypar rekna som svært godt.</li> <li>• Det er registrert kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA) i området, område 19. Lærdal. Dette KULA-området strekk seg så vidt inn i den sørlege delen av planområdet. Konflikten vert vurdert til å vera så liten at det ikkje løyser ut KU-plikt.</li> <li>• Landskapet blir i liten grad påverka av det planlagde inngrepene. eksisterande</li> </ul>

	<p>vegline vert opprettholdt. Storleik, omfang og utforming av tiltaket utløyser difor ikke KU for landskapsbilete.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er ikke registrert verdifulle kulturminne og kulturmiljø innanfor planområdet</li> <li>• Ingen registrerte nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar</li> <li>• Ingen områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift</li> <li>• Planarbeidet skal elles synleggjere og omtale kulturarv og synleggjere verknadar som prosjektet eventuelt vil ha for kulturarv</li> </ul>
c) statlege planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gjeve i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.	Ikkje aktuelt
d) Større omdisponering av områder sett av til landbruks-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd	Ikkje aktuelt
e) Auka belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskrivne	Ikkje aktuelt
f) Konsekvensar for befolkninga si helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforureining	Ikkje aktuelt
g) Vesentlig forureining eller klimagassutslepp	Det er ikke registrert områder med grunnforureining i tilknytning til planområdet. Tiltaket påverkar ikkje bergarter som kan ha toksiske effektar på omgjevnadane

h) Risiko for alvorlege ulykker som en følgje av naturfarar som ras, skred eller flom	Det er fleire aktsomheitsområder i nærleiken av planområdet. Planarbeidet skal avdekke reell risiko.
<b>Vurdering av «eigenskapar ved verknader (§10 fjerde ledd)»</b>	
Strekninga er i dag ein del av rv.5 som allereie er utbygd og utbygginga vil i moderat grad utvide krysset og strekninga og er såleis avgrensa med mindre konsekvensar for tilstøytande areal. Utbygginga er difor vurdert til å ikkje ha store varige verknader for miljø og samfunn.	

## Konklusjon

Tiltaket er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing. Reguleringsplanarbeidet skal få fram verknadane som planen vil ha for miljø- og samfunn gjennom undersøkingar, fagutgreiingar og medverknad, som er vurdert tilstrekkeleg for dette tiltaket.